

Meland kommune  
Att: Hogne Brunborg  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

## Den teknologiske skulesekken 2019: Tilskott til utstyr for programmering i skulen.

### Vedtak om avslag på søknad frå Meland kommune.

Viser til dykkar søknad om tilskott til utstyr for programmering datert 15. mai 2019.

Utdanningsdirektoratet har fatta vedtak om at søknaden **ikkje er innvilga**. Grunngeving for vedtaket er gitt nedanfor.

### Bakgrunn

Bakgrunnen for utlysinga var Innst. 16 S (2017–2018), Prp. 85 S (2017-2018) (*Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*) samt *Digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa*.

Utlysinga er eitt av fleire tiltak under den femårige satsinga Den teknologiske skulesekken (2018-2022). Mål for satsinga er å bidra til at elever får kunnskap om og forståing for teknologi, algoritmisk tenking, programmering og tilgang til gode digitale læremiddel.

Målet med tilskottsordninga er å gi elevene kunnskap om og forståing for algoritmisk tenking og programmering, gjennom at lærarar som har gjennomført kompetanseheving i programmering får tilgang på nødvendig utstyr. Tilskottet skal nyttas til utstyr for programmering til bruk i klasserommet, og skal medverke til at lærarane får moglegheit til å bruke sin kompetanse i programmering.

### Søknadsbehandling

Då fristen gikk ut var det komme inn 235 søknader på til saman 88 millionar kroner. Midlane blir fordelte ut frå tilgjengeleg budsjett. Utdanningsdirektoratet har gjort ein totalvurdering av søknadene på skjønnsmessig grunnlag, basert på korleis søknadane kan knytast til kriteria, prioriteringane, prosjektbeskrivinga og geografisk spreing.

Tilskott kan berre bli innvilga til søknadar som fyller kriteria for tilskottsordninga slik dei kommer til syne i utlysinga og søknadsskjemaet:

- Skuleeigar viser gjennom søknaden at det er satsa på kompetanseheving av lærarar innan programmering. Kompetansehevingstiltaka skal være vidareutdanning med studiepoeng eller etterutdanning på minst 40 timar. Etter- og vidareutdanninga skal være i programmering eller ha hovudtyngda innan programmering.
- Skuleeigar viser gjennom søknaden korleis utstyret skal bli brukt i opplæringa og korleis utstyret vil bidra til at lærarane får utnytta si programmeringskompetanse i klasserommet.
- Tilskottet skal brukast til utstyr for programmering til bruk i klasserommet. Det blir ikkje gitt midlar til kompetanseheving, kursavgifter eller IKT-utstyr som ikkje er knytt til programmering i klasserommet.

Utdanningsdirektoratet har lagt følgande prioriteringar til grunn:

- Søknader om utstyr til undervising i fag frå 1.-10.-trinn samt fellesfag i vidaregåande opplæring er gitt prioritet over søknader om utstyr til valfag og programfag.
- Søknader frå skuleeigarar som allereie har gjennomført kompetanseheving er gitt prioritet over søknader frå skuleeigarar som planlegg kompetanseheving.
- Søknader frå skuleeigarar som ikkje har fått tilskott tidligere år, er gitt prioritet over skuleeigarar som har fått tilskott før.

### Begrunnelse for avslaget

Utdanningsdirektoratet har gjort ei heilskapleg vurdering av søknaden. Avslaget er gitt på følgande grunnlag:

Utdanningsdirektoratet har vurdert det slik at søknaden ikkje møter kravet om å skildre korleis utstyret skal nyttast i opplæringa (fagdidaktisk). Det må framkomme tydeleg av søknaden korleis utstyret skal nyttast i arbeidet med programmering.

Søknaden baserer seg dessutan i stor grad på framtidig kompetanseheving hos skuleeigar. I kunngjeringa står det at skuleeigarar som allereie har gjennomført kompetanseheving vil bli prioriterte over søknader frå skuleeigarar som planlegg kompetanseheving. Dykkar søknad nådde diverre ikkje opp i prioriteringa mellom søknadar innanfor tilgjengeleg økonomisk ramme.

Utdanningsdirektoratet minner om at Den teknologiske skulesekken er ei 5-årig satsing frå Kunnskapsdepartementet og at det blir høve til å søke midlar også dei kommande år.

## Klagerett

### For kommunar og fylkeskommunar

Tildeling av tilskott til kommunar og fylkeskommunar kan ikkje rubriserast som enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova, slik det ofte er for tilskott til private. Kommunesektoren har dermed ikkje høve til å klaga etter forvaltningslova.

### For private skuleeigarar

Vedtak om tildeling eller avslag til private skuleeigarar reknast som enkeltvedtak og ein kan klage på det etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagefristen er 3 uker jf. Forvaltningsloven § 29. Ei eventuell klage sendast til Utdanningsdirektoratet.

Med hilsen

Sidsel Sparre  
Avdelingsdirektør

Kristine Sevik  
Seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent

---

**Postadresse:**

Postboks 9359 Grønland,  
0135 Oslo

**Telefon:**

+47 23 30 12 00

**Org.nr:**

NO 970 018 131

**E-post:**

post@udir.no

**Internett:**

www.udir.no